

KALENDER 2011/2012



FYRESDAL KULTUR OG OPPVEKST

Velkomen til Fyresdal kultur og oppvekst

Velkomen til eit nytt år i kultur og oppvekst.

Alle vi som jobbe i kultur og oppvekst ser fram til eit spennande år i skulen, kulturskulen, SFO og barnehagen.

Overordna mål 2011/2012 i barnehagen og skulen er arbeid med det psykososiale miljøet og sosial kompetanse både hos barn og vaksne. Lese- og skriveugleik, talforståing, og samarbeid med heimen er og viktige fokusområde.

I kulturskulen har vi oppretta eit nytt gruppetilbod; teater og kunst. Dans og turn er no inne som eit fast tilbod i kulturskulen.

Uansett tema og tilbod, håpar vi ungane våre trivast, at dei får utfordringar og opplever meistring så dei får lyst til å lære meir. Då har vi oppnådd noko viktig!

Kalenderen inneheld mykje viktig informasjon. Les gjennom den før du heng den på veggen!

Helsing alle som jobbar i Fyresdal kultur og oppvekst.

På desse telefonnummera får du tak i oss:

Sektorsjef, Torny Moripen: tlf 350 67 108

Fyresdal barnehage:

Hamaren: tlf. 350 67 181
Veslehamaren: tlf. 350 67 182
Gardar: tlf. 350 67 184
Hegglandsgrend: tlf. 350 42 312
Styrar: tlf 350 67 180



Gimle skule:

Konsulent Solveig Rustand: tlf. 350 67 176
Rektor: tlf. 350 67 194
Stegleiar småsteg: tlf. 350 67 170
Stegleiar mellomsteg: tlf. 350 67 178
Stegleiar ungdomssteg: tlf. 350 67 178

Biblioteket: tlf 350 67 121

Kulturkontoret: tlf 350 67 105 Sarke Veum

tlf 350 67 129 Hilde Martini Momrak


Kultur og oppvekst si heimeside på internett:

www.fyresdal.kommune.no

Sektormål knytt opp til tenesteproduksjon 2010 - 2013.

Vi skal vere samla i funksjonelle og inspirerende omgjevnadar, skape gode oppvekstvilkår og stimulere til god læring og eit høgt fagleg nivå.

- vi aukar fokus på tidleg innsats innan basisfaga, slik at ein kan vise til forbetra
- resultat på prøver og testar
- barn og ungdom får rettleiing og gode kvalitetssikra tilbod i tråd med eiga utvikling
- vi har ein open dialog og eit godt samarbeid med brukarane
- rørsle, ernæring og ein god psykisk og fysisk helse pregar kvar dag
- kultur, kommunikasjon og sosial kompetanse er sentralt
- alle får høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk
- gode tilbod i barnehage, SFO og kulturskule
- vi stimulerar til høg aktivitet i lag og organisasjonar
- i skulen sitt rusførebyggande arbeid blir foreldre og elevar bevisstgjort sine
- haldningar til rusmiddelbruk



Årsplan i Fyresdal barnehage 2011/2012

Fyresdal barnehage vil legge vekt på sosial kompetanse på alle områder neste barnehageår. Sosial kompetanse er grunnleggande for barns utvikling og består av 5 ulike delar som er nært knytt til kvarandre. Desse er presentert nedanfor: empati, prososial, adferd, sjølkontroll, sjølhevding, leik, gled og humor.

Vi ynskjer at barnet skal:

- Klare å ta omsyn til andre i leik og sete seg inn i korleis andre har det.
- Ha positive sosiale holdningar og haldningar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre.
- Kunne vente på tur, inngå kompromiss og fylgje opp avtaler. Sete eigne behov tilsides og takle konfliktrar.
- Ta initiativ i forhold til andre menneske, våge å spørje andre om ting dei lurar på, introdusere seg sjølv og reagere hensiktsmessig på andres handlingar.
- Sjø verdien av å skape humor og å leike med ord og tankar.

Barnehagen skal sjå omsorg, oppdraging, leik, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i samanheng. For barn i barnehagen er leiken det viktigaste. I tillegg skal fagområda i rammeplanen vektleggast. Årsplanen er delt opp i månadsbolkar og viser korleis ein vil arbeide med sosial kompetanse og fagområda det neste barnehageåret.

Gimle skule Til orientering

- **Retten til gratis opplæring.** I opplæringslova § 2-15 står det:

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

- **Fritak frå aktivitetar.** I opplæringslova §2-3a heiter m.a.:

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.

For meir informasjon kan du gå inn på www.lovdata.no eller du kan lese meir om det på Fronter.

AUGUST 2011



KULTUR

- Biblioteket opnar tysdag 23. august etter sommarferien.
- Fyrste fredagsklubb etter ferien er fredag 12. august, frå 1800-2300. Det går buss!!! Kino!!
- Kulturskulen startar opp med undervisning frå veke 34, det vil seie frå måndag 22. august!

BARNEHAGEN

August/september

Tema:

Meg og barnehagen.

Mål:

- Bli kjent med avdelinga og finne sin plass.
- Finne ein venn.

Den vaksne skal:

- Lage oversiktlige dagar og rutinar i kvardagen.
- Lage /bruke smågrupper.
- Skape gode relasjonar.
- Samtale om kva er ein venn?

SKULEN

Småsteget:

Vi startar 17 aug.og resten av den veka blir bli kjent dagar.

I veka 34 har vi fokus på korleis vi skal oppføre oss i trafikken.

Dette året som før om åra vil vi ha fokus på korleis vi oppfører oss mot kvarandre,kan klare å

vere saman i leiken,vise repekt og omsorg for kvarandre.Ja,vi har fokus på sosial kompetanse heile året igjennom.

Det vil og vere fleire møte mellom heim og skule ,men desse er ikkje sett inn i denne kalenderen

Mellomsteget:

Planleggingsdagar 15. og 16.august. Skulestart 17.august.

23.august reiser mellomsteget på overnatting- og samannistingstur til Bondalsvatn. Me sykklar dit ☺

Fagleg har me spesielt fokus på at elevane skal bli kjent med ulike studieteknikkar. I tillegg skal det jobbast mykje med å ha god orden i skrivebøkane og utvikle ei funksjonell handskrift. Elevrådsrepresentantar blir valt, elevane blir godt kjende med trivselsreglane og me snakkar mykje om korleis me vil ha det saman ☺

Ungdomssteget:

Det er to planleggingsdagar på 15. og 16. august før skulestart den 17. august. Vi blir kjent med nye elevar og lærarar. Vi diskuterer fagplanar med elevane. Nye lærebøker blir delt ut. Vi legg vekt på kor viktig det er å ta vare på skulemateriell. Sjekk av lærebøker og utkvittering av desse. «Fokus på fag» er temaet for de første vekene. Det er viktig å lære seg å lære og å kome inn i skulerytmen igjen etter en lang sommarferie.

SEPTEMBER 2011



KULTUR

- Onsdagsklubben startar opp att 7. september, frå 14.00 til 20.30. Gjeld alle elevar frå 5. trinn og oppover. Det er sal av middag til kroner 15,- og kake/vaffel til kroner 5,-. Vi ynskjer elevar i **5. TRINN** særskild velkomen!
- Opningstidene på biblioteket er: tysdag og fredag 10.00-15.00, onsdag 18.00-20.30, torsdag 12.00-15.00. det vert høve til å kjøpe kake på klubben kvar onsdagskveld frå 7. september. Frå oktober er opningstidene fram til 16.00.
- Kulturnykelen (lokal plan for den kulturelle skulesekken og beremeisen) kjem med tilbod i løpet av året! Følg med!

BARNEHAGEN

August/september

Tema:

Empati og rolleavklaring.

Empati: Handlar om å kunne sete seg inn i egne og andres kjensler. Det handlar vidare om å kunne sete seg inn i korleis egne handlingar virkar på andre og sjå at ein kan reagere ulikt på same situasjon. Dessutan må ein kunne lytte til andre.

Mål:

- Barnet får forståing for korleis egne handlingar verkar på andre.
- Barnet kan ta kontakt med andre på ein passende måte.

Tiltak:

- Vere støttande vaksen.
- Tilrettelegge for leik og felles opplevingar.
- Gje positiv oppmerksomhet på positiv adferd

SKULEN

Småsteget: Veke 35-38 er tema på småsteget: "Lauvet fell" Dei ulike klassene har tema innanfor hausten. 22 sept er det aktivitetesdag og 23 sept er det planleggingsdag. Vi prøvar å ha foreldremøte 27.sept. Veke 39 er det fagkurs i norsk.

Mellomsteget: Foreldremøte for mellomsteget blir onsdag 21.september.

Me har planleggingsdag fredag 23.september, så då har elevane fri.

Idrettsdag er onsdag 28.september.

Me har også i desse vekene mykje fokus på ulike studieteknikkar og flid.

Ungdomssteget:

Vi fortset med å halde fokuset på faga, også i september. 10. klasse reiser til Polen og 9. kl. drar til Songa for å delta i «Energikampen». Vi kjem til å ha en idrettsdag i september. Felles foreldremøtet vil også vere denne månaden.

Det er en felles planleggingsdag for Vest-Telemark på 23. september, då har elevane fri.

OKTOBER 2011

KULTUR

- "Kven har sagt at dei som ikkje kan lese, ikkje kan lese?" Biblioteket startar lesestund for 3, 4 og femåringane kvar måndag og torsdag. Vi les morosame, skumle, triste og heilt ville bøker. Det blir tøys og tull, alvor og latter - alle er med! 3 år er ein flott alder for bøker, spennande ord og omgrep.
 - Onsdagsklubben er stengt i haustferien, onsdag 12. oktober. Hugs kino annankvar fredag!!!!
 - Laurdag 15. oktober vert det jubileumskonsert etter spelemannen Petter Veum. Følg med for meir informasjon!

BARNEHAGE

Oktober/november

Tema:

Matematikk og musikk.

Mål:

- Oppleve glede over og utforske og leike med tal og former.
- Bli kjent med ulike typer musikk og skape musikk.
- Lytte til lydar og rytme i språket og bli fortruleg med symbol som tal og bokstavar.

Den vaksne skal:

- Bruke musikk og matematikk som verktøy for kvarandre (teljing/rytme).
- Bruke teljing i kvardagslege gjeremål.
- Gje barnet øving i turtaking.
- Legge til rette for at barnet kan bli kjent med ulike typer instrumenter og dans.
- Bruke song aktivt.
- Klappe stavingar, lære barnet rim og regler utenat.
- Invitere til musikkksamlingar.
- Stimulere til logisk tenking.
- Tall, rom og form.

SKULEN

Småsteget: Veke 40 forset vi med norskbolken men nå med fokus på leseglede.

Veke 41 er det haustferie.

Veke 42-46 har vi temaet: Vi i verda. I denne perioden vil elevane og få høve til å bli med på kor eller dans/folkeviseleik om dei ynskjer det.

Planleggingsdagar 17 og 18 oktober om alt går etter planen.

Småskulen går på onsdagskule f.om.veke 42 t.o.m. veke 46

Mellomsteget: Haustferie i veke 41. Etter haustferien har skulen 2

planleggingsdagar, måndag og tysdag 17. og 18.oktober.

Me går inn i bolken "Vi i verda". 5.kl jobbar med Noreg, 6.kl Europa og 7.klasse har heile verda. Her vil mellomsteget jobbe både klassevis og på tvers av stega.

I RLE jobbar ein med verdensreligionane. Det blir arbeid med layout på plakatar og presentasjonar. FLID. Frivillig kor som skal opptre på open skuledag ☺

Ungdomssteget

I veke 41 er det haustferie med påfølgande to planleggingsdagar, måndag 17. og tysdag 18. oktober. Vi satsar på å kunne begynne i den nye skulen etter haustferie. Så skal vi jobbe med «Vi i verda» bolken.



NOVEMBER 2011

KULTUR

- Det vert laurdagsklubb og datavake i regi av klubben i november!! Følg med for meir informasjon.
- Biblioteket held fram med lesestunder for 3åringane og barna på Gardar. Det vert joleavslutning med gode overraskingar!
 - Hugs å tinge samfunnshuset for våren 2012! **Frist 15. november.**
- Kulturnykelen (lokal plan for den kulturelle skulesekken og beremeisen) kjem med tilbod i løpet av året! Følg med!

BARNEHAGEN

Oktober/november

Tema:

Prososial adferd: Er positive, frivillige sosiale haldningar som har til hensikt å vere til nytte for andre, t.d. dele, støtte, vise omsorg.... Dette er motpolen til negative sosiale handlingar som avvising, mobbing og utestenging.

Mål:

- Barnet utfører handlingar som er til hjelp for andre uten å forvente noko tilbake.
- Barnet rosar, støttar oppmuntrar og er positiv og hyggeleg mot andre.

Den vaksne skal:

- Oppfordre til å dele, hjelpe, vise omsorg og inkludere andre.
- Problemløysing i grupper.
- Gje barnet øving i turtaking.
- Hjelp barnet til å sette ord på kjenslene sine.

SKULEN

Småsteget: Vi har onsdagsskule t.o.m. veke 46

Teknologi og design er hovudfokus i veke 47.

I veke 48 byrjar "ventetida fram mot jol"

Mellomsteget: Me avsluttar "Vi i verda"- bolken. Konferansetimar rundt veke 46.

Open skuledag er fredag i veke 45, 11.november, PÅ DEN NYE SKULEN VÅR. Det blir flott. Alle er hjarteleg velkomne.


I veke 47 har me ein høg bolk (heile oppvekst og kultur), den årlege lesegledebolken ☺
Ungdomsskuleelevar les for småstegelevar, og mellomstegelevar les for ungane i barnehagen og på Gardar ☺

Ungdomssteget:

"Vi i verda"-bolken fortset til "open skuledag" fredag, 11 november. Då er alle hjarteleg velkomne til å besøkje oss på den nye skulen.

Konferansetimar har vi i veke 48 og 10. klasse hospiterar på vid.gå.skular i vekene 47-48.

I veke 47 gler vi oss til å lese mykje, også for kvarandre. Vi jobbar aldersblanda og skal m.a. lese i barnehagen, på Gardar og på småsteget. Bolken heter Leseglede.



DESEMBER 2011



KULTUR

- Hugs på tenning av jolegater, kransekakebasar og "Syng og spelar jola inn" - våre flotte joletradisjonar!
- Det vert tur til sørlandssenteret i regi av klubben laurdag 3. desember! Siste klubbane før jol er i veke 50!
 - Det vert joleavslutning av lesestundene på biblioteket i starten av desember. Gode overraskingar!

BARNEHAGEN

Desember

Tema:

Jol i barnehagen

Mål:

- Gje barnet kjennskap til ulike joletradisjonar.
- Gje barnet ei roleg og stemningsfull førjolstid.

Den vaksne skal:

- Snakke med barnet om ulike religiøse, livssynsmessige og kulturelle tradisjonar.
- Bruke foreldre og nærmiljø som ressursar.
- Øve på å bruke sansane.
- Hjelp barnet i å designe, utforske, oppdage og skape.

Tema:

Korleis gjere nokon glad?

Mål:

Øve på å vise glede ved å gjere andre glad.

Den vaksne skal:

- Ha fokus på glede.
- Skape ro og stemning gjennom gode aktivitetar.

SKULEN

Småsteget: Vi fortset å vente på jola. Vi førebur oss til å vise eit jolespel på Jolefesten den 19 des.

Vi har felles adventsamlingar og lagar mykje spennande som kan ligge under joletreet. Siste skuledag før joleferien er 20.des.

Mellomsteget: Bolken vår nå har overskifta "Gamle joletradisjonar", med fokus på skikk og bruk. Kanskje kan me få inn nokre ressursar frå bygdekvinnelaget? Me skal òg ha heimedag. Elevar blir då delt inn i grupper på tvers, og blir med dei ulike lærarane og assistentane heim ein dag, der ein lagar den litt gamle tradisjonelle jolematen. Slike dagar er flotte dagar ☺ I tillegg skal me på joleverkstad og jolebord. Siste skuledag før ferien er 21.desember.

Ungdomssteget:

I desember er det tid for elevane på ungdomssteget å ha tentamen i matematikk, norsk og engelsk. Vi skal ha joleball måndag, 20. desember og joleverkstad på siste skuledag, 21. desember.



JANUAR 2012

KULTUR

- Tysdag 3. januar er fyrste opningsdagen til biblioteket etter joleferien!
- Biblioteket held fram med lesestunder for 3 åringane og barna på Gardar. Vinter gir lesere, vi har lese mykje, og no vert bøkene litt lenger. Vi les kvar måndag og torsdag som før jol.
 - Klubbane startar opp att etter joleferien i veke 1.

BARNEHAGEN

Januar/februar

Tema:

Eventyr, dramatisering og tekstskaping.

Mål:

- Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skapanglede.
- Utvikle sine evne til å lytte, iaktta og uttrykke seg.
- Styrke den kulturelle identiteten.

Den vaksne skal:

- Bruke rollespel, tekstskaping og fortellarstol.
- La barnet bli vant til å vere i fokus i samling.
- Øve på turtaking.
- Bruke aktivt konflikthåndteringsmodellen.
- Nytte foreldra som ressurs, spesielt i forhold til framandspråklege.

SKULEN

Småsteget: Skulestart etter ferien er 3 jan. Det er onsdagsskule f.o.m. veke 1 t.o.m. .veke 6.


Temaet heiter ;"Jorda søv". Her vil dei ulike klassene ha tema innanfor dette.. Vi vil og ha kulturverkstad med fokus på sløyd og keramikk nokre økter kvar veke.

Mellomsteget: Det er planleggingsdag 2.januar. Fyrste skuledag for elevane er 3.januar. Midt i januar går me inn i Media-bolken. 5.kl jobbar med radio og fjernsyn, 6.kl med nettavis og 7.kl har om reklame.

Ungdomsteget:

Skulen startar igjen på 3. januar, etter ein planleggingsdag på 2. januar. Vi begynnar med en ny bolk som heter "Norsk er fett". Det vert skriving av hovudprosjekt, knytt til norskfaget.

Alle elevane får karakterar 20.01.



FEBRUAR 2012



KULTUR

- Biblioteket held fram med lesestunder for 3 åringane og barna på Gardar kvar måndag og torsdag.
 - Klubben held fram! Det er fredagsklubb i vinterferien! Hugs å sjekke bygdekinoen!
 - Har du meldt deg på UKM 2012? Dersom ikkje, sjekk ut: www.ukm.no
- Kulturnykelen (lokal plan for den kulturelle skulesekken og beremeisen) kjem med tilbod i løpet av året! Følg med!

BARNEHAGEN

Januar/februar

Tema:

Sjølvkontroll: handlar om å kunne utsette egne behov og ynskje i situasjonar som krev turtaking, kompromiss og felles avgjersler. Det handlar vidare om å takle mellomenneskelege konflikhtar, tåle at andre har ynskjer som går på tvers av andres egne og av og til kunne fire på egne ynskje og krav. Det vil bli lagt vekt på forskjellen ved å vere ein del av ei gruppe og å vere aleine. Som del av ei gruppe må barnet lære at ting må gå på omgang, og at barnet må vente på tur for å gjere ting som mange har lyst til, eller at barnet kan dele eller samarbeide.

Mål:

- Barnet kontrollerar egne følelsar og impulsar.
- Barnet taklar frustrasjon og vedgår egne tabbar og feil.

Den vaksne skal:

- Hjelp barnet til å kome fram til løysing i konflikt.
- Hjelp barnet til å ta imot unnskyldning frå andre barn.
- Hjelp barnet til å vente på tur, ta i mot beskjed, kontrollere sinne og ta kritikk.

SKULEN

Småsteget: Vi fortset med temaet: "Jorda søv" før vi i veke 7 har eit kurs i matematikk. Vinterferien er i veke 8

Mellomsteget: Me arbeider vidare med og avsluttar mediabolken. Vinterferie i veke 8. Vinteraktivitetar.

Ungdomssteget:

I februar avsluttar vi hovudprosjektet i Norsk og vi ser fram til musikkveka. Det er vinterferie i veke 8.



MARS 2012

KULTUR

- UKM (ungdommens kulturmønstring) vert avvikla 7. mars!!!! Følg med på oppslag. Sjekk www.ukm.no!!!!
 - 15. mars: **Søknadsfrist på kulturmidlar!** Bruk elektroniske skjema som ligg på heimesida.
 - Det vert skitur i regi av klubben i mars månad!
- Biblioteket held fram med lesestunder. No er det snart påske, og vi les påskekrim. Skumle bøker for alle saman!

BARNEHAGEN

Mars/april

Tema:

Våren

Mål:

- Barnet er regelmessig på tur.
- Barnet skal oppleve endringar i naturen.
- Barnet opplever glede og får erfaring med dyr og vekstar.
- Barnet skal bli glad i å leike og ferdes i naturen.

Den vaksne skal:

- Skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtaler.
- Bruke naturmateriell til diverse formingsaktivitet og matematikk.
- Gje barnet ansvar for naturen.
- Bruke tema/prosjekt i smågrupper og legge det fram.
- Lære barnet om dyr og planter og gje tidleg kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død.



SKULEN

Småsteget: I vekene 9 t.o.m. veke 12 er det kroppen som har fokus her på småsteget. Dei ulike klassene har fokus på spesielle ting i og på kroppen vår. Truleg må vi ha ein skidag no i mars.

I veke 13 er det påsketid.....før vi tek påskeferie i veke 14

Mellomsteget: I mars har me ein ski-og akedag. Så startar me med bolk 6: "Fag er tøft!" Her skal me jobbe både klassevis og på tvers av klassene. Ein skal ha ulike fagkurs i basisfag, men me skal òg ha fokus på ulike måtar å lære på. Stikkord: Læring gjennom leik, omgrepstrening, bli tryggare på kvarandre og seg sjølv, auke ordforrådet og bli friare. Konferansetimar i veke 11 og 12.

Ungdomssteget:

Denne månaden har vi ingen spesiell bolk på planen. Men undervisninga går etter timeplanen og det er tid å samle deg rundt skulefaga. Etter vinterferie er det ofte ein god moglegheit for å ha ein strålende skileikedag



APRIL 2012

KULTUR

- No er det moro å vere ute. Difor vert det avslutning på lesestundene på biblioteket denne månaden. Vi avsluttar lesestundene med hyggjelege overraskingar fyrst i april. Elles vert det sommartid på biblioteket frå medio april.
 - **15. April: Frist på forslag til KULTURPRIS og IDRETTSSTIPEND!** *Hugs at ditt forslag tel! Sjekk heimesida for info.*
- Onsdagsklubben held fram ut april. Følg elles med på plakatar og i informasjonen om konsertar, prosjekt, kino, datavaker og anna moro!

BARNEHAGEN

Mars/april

Tema:

Sjølvhending: handlar om å kunne ta initiativ i forhold til andre, t.d. til deltaking i samtaler, leik og felles aktivitet. Dette er også ein nødvendig motpol til prososial adferd og sjølvkontroll. Det er viktig at barnet kan hevde eigne meiniger, ta kontakt med andre, engasjere seg i leik og samtale på ein positiv måte, og tørre p stå imot vennepress.

Mål:

- Barnet klarer å kome inn i leik og felles aktivitet.
- Barnet ber om hjelp og tek i mot hjelp.
- Barnet tør å vere seg sjølv og ta initiativ.

Den vaksne skal:

- Forstå barnets leikestrategiar.
- Delta i leik - involvere seg.
- Gjere barnet i stand til å endre atferd, ved positiv tilbakemelding på positiv adferd.
- La barnet bli vant til å vere i fokus i samling.
- La barnet kome med innspel og vere støttande i leik og kvardagsaktivitetar.
- Vere anerkjennande.

SKULEN

Småsteget: Fyrste skuledag etter påskeferien er 10. april. I tre veker framover vil vi ha bolken som heiter "lurer på ????"...."
Fri 30 april

Mellomsteget: Påskeferie i veke 14. 1.skuledag etter påskeferien er tysdag 10.april. Me arbeider for fullt med fag. På slutten av månaden startar me med bolk 7: "Ut i naturen"! Foreldremøte/evalueringsmøte på mellomsteget i veke 17. Informere 7.kl om val av 2.framandspråk i ungdomsskulen.

Ungdomssteget:

Aprilmånaden startar med påskeferie frå 2. april til 9. april. Vi kjem til å begynne med «Teknologi og Design»- bolken.
I veke 16 er det konferansetimar for våren 2012.
30. april og 1. mai er fridagar.

MAI 2012

KULTUR

- **15. mai: søknadsfrist for å tinge samfunnshuset for hausten 2012.**
 - Onsdagsklubben sluttar i overgangen april/mai! Følg med på plakatar!
- Opningstidene på biblioteket er: tysdag og fredag 10.00-15.00, onsdag 18.00-20.30, torsdag 12.00-15.00.
- Kulturskulen har **avslutningskonsert** i overgangen mellom mai og juni, følg med for nærmare informasjon! **Velkomen!**
- Kulturnykelen (lokal plan for den kulturelle skulesekken og beremeisen) kjem med tilbod i løpet av året! Følg med!

BARNEHAGEN

Mai/juni

Tema:

Kropp, rørsle og helse.

Mål:

- Få ei positiv sjølvoppfatting gjennom kroppsleg meistring.
- Utvikle kroppskontroll, grovmotorikk, finmotorikk, rytme og den motoriske kjensleevna.
- Barnet skal bli meir uthaldande ved å gå på lengre turar.

Den vaksne skal:

- Delta i barns leik.
- Bruke kryssøvingar.
- Stimulere sansane.
- Bruke forskjellige aktivitetar til å fremme motorisk aktivitet, t.d. sykle, balansere, klatre, formingsaktivitetar...
- Ta barnet med på tur i skogen.

SKULEN

Småsteget: Mai er kome, og no har vi fokus på det som spirer og gror.

Vi vil prøve å øve på eit syngespel som vi kan framføre før sommarferien.

Fridagane i mai er: 1 mai, 17 mai, 18 mai og 28 mai.

Mellomsteget: "Ut i naturen!" Me utforskar naturen rundt oss. 5.kl førebur vårkonsert, 6.kl førebur 17.mai og 7.kl førebur seg mot neste skuleår med prøvetentamen. Heile mellomsteget har ein topptur. 5.kl har i tillegg den faste geoturen. Kvifor feirar me 17.mai? 7.klasse må velje val av 2.framanspråk.

Ungdomssteget:

Fridagar denne månaden er 1., 17., 18. og 28. mai. Vi jobbar vidare med «Teknologi og Design». 8. kl. lagar kastemaskinar, 9. kl. lagar bilar med el-motor og 10. kl. lagar diodekart.

Mai-månaden er også tida for den "store styrkeprøva".

10. kl. går inn i siste spurten og har eksamen i slutten av månaden.



JUNI 2012

KULTUR

- Siste undervisningsveke i kulturskulen vert om lag samstundes med skulen. Takk for endå eit flott år!
 - Siste klubbdag på fredagsklubben vert i juni, saman med avslutning. Følg med på informasjon!
 - Vi håpar på å ha eit flott tilbod på sommaren, i høve klubbaktivitet!
- Hugs å nytte biblioteket framover, det er feriestengt i veke 29-32, elles ope som vanleg! Siste opningsdag: 13. juli
 - *Ha ein flott KULTURSOMMAR! Hugs Olsokdagane i slutten av juli!!!!*

BARNEHAGEN

Mai/juni

Tema:

Glede og humor: glede er knytt til det ein gjer, ikkje minst i forhold til andre menneske. Glede er knytt til aktivitet i utfolding i augneblinken, til oppleving, meistring av nye ferdigheter eller sansemessige inntrykk. Humor synest å kome best fram i lek. Humor er prega av her-og-nå tilstand. Humor er lek med ord og tankar, det å fortelje vitsar og gåter, gjere grimasar, skøyarstrekar.

Mål:

- Barnet held på si rolle over tid, identifiserar og bidreg til leiketema.
- Barnet gjev uttrykk for glede ved eigen og andres meistring.
- Barnet opplever glede ved å ha ein venn.
- Barnet føler glede og kan slappe av.
- Barnet kan tre inn og ut av leikesituasjonar.
- Barnet forstå leikesituasjonar .
- Barnet forstå skjulte reglar.

Den vaksne skal:

- Sjå og gripe fatt i humoristiske situasjonar. Fortelje morosame historier, vitsar og gåter.
- Delta i barns lek og tilrettelegge for lek
- Gje barna felles opplevingar.
- Ivareta barnets kreativitet.
- Ta utgangspunkt i kva barnet er oppteken av.

SKULEN

Småsteget: I juni byrjar vi å sjå og høyre om stein og bronsealderen. Veke 24 og 25 samlar vi trådar før vi avsluttar den 20 juni.

Mellomsteget: 7.klasse er til Haraldvigen på leirskule i veke 23 ☺ ☺ Elles så inviterer mellomsteget 4.klasse på beachparty når 7.kl er på leirskule, slik at mellomsteget for neste skuleår får ein fin dag saman. Så er det sommar.

Ungdomssteget:

10. klasse har munnleg eksamen i juni og avsluttar skulegangen sin på Gimle skule!

Siste skuledag for heile skulen er torsdag 20. juni.



Personalet i skulen:

Administrasjonen:

Rektor: Torhild V. Mandt

Stegleiar småsteg: Ingunn Tovslid

Stegleiar mellomsteg: Torhild Bondal

Stegleiar ungdomssteg: Åse Tanner

Konsulent kontor: Solveig Rustand

Kontaktlærar:

1.kl: Magni Sæther og Klara F. Nordbø

2.kl: Inger Nome

3.kl: Anne Valebjørg/ Berthe Heggli

4.kl: Anne Mette Momrak

5.kl. Knut Harald Heggli

6.kl. Tone A. Heistad

7.kl: Torhild Bondal/ Daniel Ritter

8.kl: Harald Skarpeid/ Arild Stiansen

9.kl: Ingunn V. Holmegård

10.kl: Anette Krossli/ Hans Haakenstad

Elles jobbar desse hos oss:

Gunn Haakenstad

Tone Austjord Rettleiar/ sosiallærar

Peer S. Hansen

Olaug Dale

Åse Breiland

Ingun Momrak Haugan

Anne Lise Greivstad

Christin Skansen

Marit van Delft

Monica Aas

Børge Sandum

Anne Berit Libjå (fast vikar)

Hilde Homme

Trygve Jarle Nedrebø

Karina T. Nordby

Torunn Storøygard

Lillian Borgen

Svein Slyngstad

Rita Wæting

Janne Teksle (lærling, fram til 31.12.11)

Nora R. Angell (lærling, fram til 31.12.11)

Ingvild Frantzen (lærling, fram til 31.12.11)

Dei fleste i personalet har epostadresse.

Adressa er fornamn.etternamn@fyresdal.kommune.no

Kantina:

Tone Wøllestad

SFO:

Karina T Nordby (dagleg leiar), Tone Wøllestad, Annlaug Bergland, Lillian Borgen, Torunn Storøygard, Rita Wæting, Ingvild Frantzen og Nora R. Angell

Personalet i barnehagen**Styrar:**

Liv Johre Bakke

Pedagogisk leiarar:

Hamaren	Ann Merete Rød
Lislehamaren	Kristine Berthelsen
Loftet	Linn Cecilie Hansen
Midtstoga	Tone Nedrebø
Hegglandsgrend	Marianne Lund

Fagarbeidarar/assistentar:

Lina Haugholmen
Gunhild Herdis Lund Austjore
Gro Kvasjord
Anne Signe Aamlid
Björg Aamlid Haugen
Annitta Myrvang

Anne Skålid

Siw Annette Aamlid

Karin Lise Lauvrak

Anne Grethe Aamlid

Neal Battin

Irene Aamlid

Læringar:

Nikolai Mandt, Gardar fram til 31.12.11.

Bente Frantzen, barnehagen fram til 31.12.11.

Spesialpedagog:

Gunn Kiland Haakenstad

Personalet på kultur:

Biblioteket:

Liv Blørstad Kiland, biblioteksjef

Bitti Hvistendahl

Ungdom og fritid:

Svein Slyngstad - klubbleiar, fredag og onsdag

Lena Mari Storøygard - klubbarbeidar, fredag

Kulturskulen:

Sarke Veum, rektor i kulturskulen og avdelingsleiar kultur

Trygve Jarle Nedrebø, Fyresdal Musikkorps

Freddy Brander, lærar

Marit Van Delft, lærar

Astrid Jupskås, lærar

Martin Krause, lærar

Monica Sølyst, lærar